



Uskedalen skulemusikk kom godt ifrå opninga av årets julekonsert. (Foto: Thor Inge Døssland)

Kyrkja var nær fullsett under julekonserten søndag kveld. Arrangørane i soknerådet var sikkert litt meir enn normalt spente på frammøtet. For det første var veret heilt i ulage. Dessutan hadde dei drista seg til med nokre endringar. Dei hadde flytta den til kveldstid. Dei tok inngangspengar. Dessutan hadde dei henta inn profesjonelle utøvarar i tillegg til den tradisjonelle basisen: skulemusikken, musikklaget, trekkspelklubben og Røysterett for alle.

Alt før konserten starta slo vergudane til. Straumen gjekk. Dermed hadde skulemusikken kun levande ljøs til hjelp då dei spela kjende julesongar medan publikum kom. Tøft gjort av dei unge musikantane, men ekstra stemningsfullt for tilhøyrarane.



Kvinnherad trekkspelklubb kom godt ifrå det, med eit flott program (Foto: Andrea H. Lunde)

Audun Eik frå soknerådet ønskte velkommen, og deretter var skulemusikken første post på programmet. I det dunkle lyset stemde dei i med Joy to the World, majestetisk og flott. Det hadde sin verknad. Akkurat i det dirigenten slo av siste tonen, kom lyset tilbake. Kvelden var redda også for eldre og meir synsvake aktørar som skulle i elden seinare i programmet.

Magnhild Haugland måtte steppa inn som dirigent for skulemusikken på kort varsel då den faste dirigenten var sjuk. Ho skal saman med dei unge og flinke musikantane ha æra for den stemningsfulle og gode starten som konserten fekk.

Etter skulemusikken fulgte flotte musikkinnslag som perler på ei snor. Gitaristane Gjermund Fredheim og Harald Kvasnes viste glitrande gitarspel. Lett å skjønna at dei begge har hevda seg i toppen i nasjonale konkurransar. Uskedal Musikklag (dir.: Magnhild Haugland) framførte tre julesangar medan trekkspelklubben (mus.leiar: Nils Nåsen) framførte eit nydeleg program med klassiske stykke på trekkspel.

Vi hadde sett fram til å høyra mezzosopranen Maria Malmsten. Fantastisk! – Ho svenska damo va jammen flink å syngja! Høyrdde vi ein representant for den yngre garde seia. Det trur eg alle var samde i. I siste nummeret hennar var det ein fin overgang til avdelinga til Røysterrett for alle som ho no er dirigent for. At ho har tilført koret mykje denne hausten var og tydeleg.

Konserten vart avslutta med samspel mellom Musikklaget, Røysterrett og publikum i Deilig er jorden. Ei stilfull og vakker avslutning på ein flott julekonsert.



Musikklaget er verkeleg på veg opp att! (Foto: Mari Haugland)

Innimellom desse musikkinnslaga heldt Stein Elling Schille ein kort, god og tankevekkjande andakt. Allsong høyrde og med. Trygve Haugland var forsongar, og Nils Nåsen og Haldor Tveit akkompagnerte på trekkspel. Overskotet på konserten skulle gå til Aksjon Håp.

Vi meiner at arrangørane hadde lukkast svært godt i oppbygginga av konserten. Å henta inn profesjonelle utøvarar, i tillegg til den tradisjonelle basisen, heva utvilsamt kvaliteten. Flott var det og at aktørane ikkje fall for freistinga og hadde for lange program. Heile den innhaldsrike konserten vart avvikla på ein time og tre kvarter. Underteikna nøler ikkje med karakterisera konserten som den beste julekonserten i Uskedalen på lange tider. Vi håpar denne nytinkinga held fram til neste år.

Kanskje vi kan få oppleva songaren Tore S. Myklebust som vi har høyrte på TV kvar fredag i heile haust, som solist med skulekorpset han starta musikkarriera i?

Elles kunne det ha vore kjekt om fleire barn og unge var med i programmet. Etter å ha opplevt imponerende førestillingar frå kulturskuleelevar den seinare tid, er det nærliggjande å tenkja samarbeid i den retning.

Kva med eit orkester samansett av flinke strykarar og messingblåsarar? Og så kanskje spe på med eit piano?

Og kanskje songarar?? Og.....? Trur det kunne blitt ei oppleving.

Eller kanskje ein skulle prøvt å få bygt opp eit orkester rundt gitarelevar frå bygda vår? Også det kunne blitt flott! Kulturskulelærarane har sikkert gode idèar.

All ære til dei ansvarlege i soknerådet og aktørane. Dei har sytt for at vi har fått ein flott førjulsconcert, og den rette førjulsstemninga har fått betre grep på oss.

PS. Det var jammen kjekt å vera bak instrumentet att etter meir enn 10 års pause! Absolutt å anbefala.

Helsing tubaisten Thor Inge Døssland



Maria Malmsten viste både kva ho sjølv er god for, og ikkje minst kva koret kan prestera. Vi er imponert! (Foto: Magnhild Haugland)